Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 68 — Fylke: Telemark

Tilleggsspørsmålnr. — Herad: Bø

Emne: Bålbrenning på vissedagar i året. — Bygdelag: Aftre Bø

Oppskr. av: Sveinung H. Lia — Gard: Lia

(adresse): Bø St. Telemark — G.nr. 49 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1.
Bål, varme – Dei gjorde opp varme –
2. St Hans bål og Jonsokbål
3. Stor varme eller stort bål

4. Nei
5. Ukjendt for meg
6. Nei
7. ~~Nei~~
8. Bare Jonsokkvelden

9.–17. Eg kjenner ikkje til annan brenning, enn når Vest eller Nordmennene kom med sine handelsdrifter om handlen i September. Då hadde vi ein stad som heitte Teglverkshaugen, der låg „drifter" og om kveldane brende dei „bestandig" bål, ditte blei halde ved liv heile natta. Ditte bålet hadde en praktisk betydning for kuene og hestane blei roligare rundt slikt bål.
Jonsokvakin var heilt til 1880 åra haldne ved Oterholtbrua i Bø. Det var åvist so lenge folk kunne

14140

minnast. Min far som var f. 1859 fortalte at han som 20 års gutt var med på den siste „Vaken". Det gikk det så vilt for seg at presten i bygda kjem på kraft for å få avskaffa denne skikken og det lykkas hann under stor mot-stan frå bygdefolkets side.
Seinare var det lite med bål-brenning St. Hans. Skikken kom igjen omkring 1910 og då var det ungdoms-lag som tok opp att skikken og sei-nare har det vore lite fyll og bråk – alt gjeng meir someleg for seg enn i gamle dagar

18 – 22
Spesielle skikkar ved bål brenning kjenner eg ikkje til. Har ikkje høyrt om nokon bruksegarar som har skaffa arbeidsfolka brendsle til arbeidsfolka

23 – 25
Bålet er helst oppbygd av ei gjen tønne med vedstakkar o.l. omkring. Spesielle figurar veit eg ikkje om.

26 – 30
Som regel fekk dom tjære tønne (tomme) og elles rakka neunda med seg noko ved her og der

31 – 35
Som regel er i seinare tid båla store, dei skulle helst lysa sterkt og det gjekk ein med ei lang stong og ordna med bålet så det lyste

14140

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

3

opp. Eg har ikkje höyrt om at det skulle greiste noko serleg
36 – 39
Noko tru om dette har eg ikkje höyrt.
40 – 48
St. Hans Vaken eller bare Vaken. I i eldre tid var det både gamle og unge. Serleg dei i sine beste år var alle til å plass når dei blei fulle. men det var da bare ~~snad~~ föere nevar som blei bruka. Vaken varde til Gofe morgon. För 1880 åra var det karane som hadde med seg brennevin. Gentane hadde med seg Kandis Sukker. For å innleie ei samtale med ei gjente var det vanleg for gutane å spörgje gjenta etter sukker
Danser gjekk fyre seg men ved bålet. Det var dei fulle som hoppa over bålet
49 – 51
Idag gjeng Vaken meir sömeleg for seg, då det er lag som tek seg tilstelling. Til 1880 åra anka skikken. Att skikken har heller minka er vel att snart sagt dei fleste har bil, motorsykkel eller moped, så folk heller reiser ut til kysten eller andre stader

14140

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING